

Ei betre eldreomsorg

Tilbodet til dei eldre i Kvinnherad er for det meste godt, men mykje tyder på at for få får det tilbodet dei burde hatt. I tillegg er ventetida for å få sjukeheims plass for lang.

Ei god eldreomsorg vil vera ei av fanesakene for Miljøpartiet Dei Grøne når partiet tek sete i kommunestyret frå hausten av. Dei mange kritiske oppslaga i media om eldreomsorga i Kvinnherad dei siste åra, viser at ting diverre har gått i feil retning. Vi treng difor eit eldreloft, og Miljøpartiet Dei Grøne vil vera ein aktiv pådrivar for ei betre eldreomsorg.

Mellom sakene vi vil arbeida for er:

- Bygging av fleire omsorgsbustader, gjerne i samarbeid med private aktørar om dette kan bidra til ei raskare utbygging.
- Ei omlegging av eldreomsorga slik at vi får meir ut av kvar helsekrone. Dette vil gi eit betre tilbod til fleire. Vi vil også ha ein kritisk gjennomgang på om dagens organisering og leing av eldreomsorga i Kvinnherad er god nok.
- Personar som bur på sjukeheimar og andre eldreinstitusjonar skal få fersk, varm, smaksrik og kortreist mat. Vidare skal borda vera fint dekkja. Måltida skal kort og godt vera eit av dei daglege høgdepunkta for bebuarane.
- Eldreomsorg i heimen, utført av familien, skal stimulerast ved hjelp av eit fleksibelt system og med relevant økonomisk støtte.
- Tilsetja Tryggleikssjukepleiar/Senior konsulent etter mønster frå mellom anna Bergen og Os. Denne sjukepleiaren skal ha fokus på førebyggjande heimevitjing med formål å skapa tryggleik og trivsel. Tryggleikssjukepleiaren skal vidare gi råd og rettleiing om helsebevarande og førebyggjande tiltak. Ordninga skal vera eit lågterskeltilbod til alle eldre over 70 år som ikkje allereie mottek tenester frå pleie- og omsorgstenesta i kommunen.
- Nytt Eldrerådet langt meir aktivt, og gjera rådet til eit viktig rådgjevande organ for kommunen. Før viktige saker som gjeld dei eldre vert endeleg avgjorde, skal Eldrerådet ha høve til å gi ei orientering i kommunestyret/formannskapet.

Knut Førland,
Listekandidat
Miljøpartiet Dei Grøne